

Merknader til høyringsinnspel om avbøtande tiltak frå Gnr.45,18

Om støy og ulempe (mot nord) på grunn av nærleik til den nye byggefeltvegen.

Ved planoppstart varslar Gnr.45,18 at – nord for eigedomen - krev ein «avbøtande tiltak» for å begrense negative konsekvensar for eigedomen slik:

Krav om utskifting av vindu og ytterdør som kan dempe støy mot nord, då avstand til trafikk blir kort og huset ikkje er bygd med spesielle tiltak for å dempe støy. Samt sikre drenering ved parkering framom garasje og inngangsparti, for å hindre problem med vatn inn på eigedomen grunna høgdeforskjell. Sidan det er planlagt asfaltering på veggen er det også behov for ei løysing som ikkje fører til vanskar med overgang til grus inn mot eigedomen.

Merknader frå tiltakshavar/grunneigar:

I gjeldande reguleringsplan frå 1994 var det pårekeleg at denne byggefeltvegen fekk 3-5 nye bustadtomter frå Gnr.44,6. I reguleringsendringa som Vestnes kommune i 2015, godkjende for vidare planlegging, var det påreknå 8-9 nye bustadtomter knytt til den same veggen - og no altså 11 nye bustadtomter. Når ulempe og kompensierende tiltak skal vurderast, legg grunneigar/tiltakshavar vekt på at planen gjeld ein regulert byggefeltveg og rettspraksis for kva ulempeendringar som «må tålast» i sentrumsnære bustadområde. Ulempekravet knytt til drenering og overflatevatn på nordsida av huset, kan først sluttvurderast når Vestnes kommune skal i gang og ruste opp tilførselsvegen.

«Vegstøy» gjeld her «innvendig støyvurdering i bustad» og «Forskrift om begrensing av støyforurensing», (forurensningsforskrifta), der målet er å redusere vesentleg støyplage frå vegtrafikk. Bustader som har eit gjennomsnittleg innandørs støynivå gjennom døgnet over 42 dB, har krav på tiltak.

Grenseverdien på 42 dB gjeld då i rom som er godkjent for varig opphald; det vil seie stue, kjøkken og soverom. Grenseverdien som forskrifta nyttar, er eit høgt gjennomsnittleg støynivå, og mange vil føle seg plaga ved lågare støynivå. Sidan dette gjeld gjennomsnittleg nivå, vil ein også kunne ha enkeltmålingar langt høgare enn 42 dB, utan å ha krav på tiltak.

Forskrifta sine krav gjeld innandørs, og gjeld ikkje tiltak for støyskjerming av uteareal. Bustader nyare enn 1997 (etter at teknisk forskrift vart gjeldande) skal ha tilfredsstillande innandørs støynivå etter forskrifta, og Statens vegvesen (til dømes), tilbyr ikkje tiltak for å redusere innandørs støynivå for bustader nyare enn 1997.

I Statens Vegvesen sin vegleiar kan aktuelle tiltak vere nye vindu, ventilar og dører, forsterkning av yttervegg og tak. Talet på vindu og dører, type fasade og takkonstruksjon vil påverke kor høgt innandørs støynivå ein har. NB! Til vanleg vil innandørs støynivå ligge omtrent 30 dB under utandørs nivå, føresett at ventilar og vindu er lukka.

Korleis berekne støynivået?

For både eksisterande og nye vegar, blir støynivået fastsett etter berekningar. Desse er basert på blant anna trafikkmengde, fartsgrense, avstand frå bustad til veg, terrengforhold osv. Konkrete målingar blir berre unntaksvis nytta, da målingar har stor usikkerheit.

Dei bereknings-metodane som blir nytta er basert på eit omfattande empirisk grunnlag og eit anerkjent teoretisk grunnlag. Grenseverdiane i T-1442/2016 er satt som et gjennomsnitt for eitt år, noko som er betre enn ei korttidsmåling som gir eit øyeblikksbilde.

For grunneigar/tiltakshavar er det avgjerande viktig å få stadfesta – om og kva slags - «innandørs støy-meirulempe» Gnr.45,18 blir påført som følgje av reguleringsendringa.

Dette må bereknast på nordsida av huset, der den private byggefeltvegen er ca. 6m frå senter veg. Berekningsgrunnlaget for fellestillkomsten gjeld ein auke på maksimalt 11 nye bustadtomter som skal trafikkere veggen forbi her. Samt 4 naboar som nyttar privatvegen i dag. Lokale trafikkberekeningstal gir då ein teoretisk gjennomsnittstrafikk på ca. 55 personbilpasseringar pr. døgn.

Tal frå ein aktuell støyutrekningsmodell for flat veg utan særlege hindringar, (*CALCULATION ROAD TRAFFIC NOISE*)(Computes the noise level in dB(A) at a given distance from a road.) (Emission data according to the 2002 version of the Dutch calculation method),

vil med 6 meters avstand frå senter veg og til husvegg, og 127 grader (full view), få eit berekna og gjennomsnittleg støynivå - UTANDØRS VED HUSVEGG - på 41dB (på dagtid) og 34 dB (på natt). Då er det gjennomsnittleg rekna 45 bilpasseringar på dagtid og 9 passeringar på natt. Og ei fartsgrense på 30 km/t. Grenseverdien i forskrifta seier 42 dB innvendig målt. Og det er altså vanleg å rekne med at innandørs støynivå ligg betydeleg (20-30dB) under utandørs nivå, føresett at ventilar og vindu er lukka.

Konklusjon frå grunneigar/tiltakshavar: Vegstøyulempene for Gnr.45,18 mot nord, er ikkje større enn at dei må tålast i sentrumsnært område. Eventuelle hustiltak må huseigar sjølv utrede og koste.

Infrastruktur. Kompenserande tiltak ved vegkryss (SKV-2)

Som følgje av dette planoppstartinnspelet frå Gnr,45,18 ovanfor, og seinare samtalar med andre naboar, vil grunneigar/tiltakshavar likevel syte for «avbøtande vegtiltak» i dette området.

For å minimalisere trafikkaukeulempe både for Gnr.45,18 og andre naboar.

Ved å innlemme ei omsynssone og ei rekkefølgeføresegn i to punkt i reguleringsføresegna slik:

1. Samstundes med vegbygginga vil grunneigar/tiltakshavar kjøpe veg-tilleggsgrunn og syte for å utvide både vegkryss og køyrebane, nordover og austover i området mellom Gnr.45,7, 45,20, 45,82 og 45,18, i samarbeid og samråd med Vestnes kommune. Tiltaket vil innebere flytting eller jordkabling av eit stolpepunkt med tilhøyrande koplingsskap som Nordvestnett eig.
2. Samstundes med vegbygginga vil grunneigar/ tiltakshavar kjøpe veg-tilleggsgrunn og syte for noko utviding av vegbreidda vidare nordover og austover, og få etablert ein natursteinmur mellom veggen og uteområdet på Gnr.45,82, frå austre stolpepunkt og til innkørselen, i samarbeid og samråd med Vestnes kommune.